

## **Kursleiarers evaluering av ”INFOMEVI 106: Introduksjon til journalistikk, film og fjernsyn, og nye medier”**

### **Samla vurdering**

INFOMEVI 106 er eit omfattande og viktig kurs trass i at det berre gjev 10 studiepoeng. Kurset har tre tekniske grunnkurs og tre praksisperiodar, fordelt på nyheitsjournalistikk, TV-reportasje og blogging. Avviklinga av kurset føregjekk utan nemneverdige problem, noko som i seg sjølv er ei bragd når innsatsen til 55 studentar, 8-9 stabsmedlemmer og 7 gjesteforelesarar skal koordinerast gjennom eit heilt semester.

Studentevalueringa (sjå nedanfor) bekreftar at studentane får ein lærerik nærkontakt med dei produksjonsteknikkane me gjev undervisning i, og at dei blei godt kjent med medstudentar og stab. Studentane var jamt over samvittigheitsfulle og disiplinerte i det praktiske arbeidet, og viste ein ungdommeleg entusiasme og iver som smitta over på stab og gjester. Det er viktig at miljøet på INFOMEVI 106 er godt, for kurset skal setja tonen for heile utdanningsløpet til dei tre gradene, og gje studentane smaken på å læra meir innafor sitt fagområde.

### **Praktisk gjennomføring**

*Tekniske grunnkurs og praksis.* Journalistikk- og TV-praksisen fungerer veldig godt, og her trengst det etter mitt syn ingen endringar. I 2009 fungerte ikkje HTML-praksisen særleg godt, og difor innførte me praksis i bloggdesign i 2010. Studentevalueringa viser at dette delkurset framleis er det minst formfullendte, og det er dessutan eit problem at det kjem så nær eksamensperioden. Me bør vurderer å ha denne praksisen tidleg i semesteret, slik at bloggtema og –design får modna meir. Eg vil bemerka at praktisk undervisning i nye medier er notorisk vanskeleg å få til å fungera bra, noko som også er tilfelle ved liknande utdanningsløp ved Høgskulen i Volda og Universitetet i Oslo (der er utdanninga no nedlagt).

*Informasjon.* I 2009 vart ikkje Mi Side brukt særleg aktivt, noko me fekk kritikk for. I 2010 vart nesten all praktisk informasjon presentert i Mi Side, og dette fungerte godt. Studentevalueringa viser at det er ein del forvirring knytt til bruken av fellesepost versus meldingar internt på Mi Side, og me bør vurderer å annonsera alt internt på Mi Side. Studentar etterlyser også ein detaljert plan for internpraksisen på Mi Side. Dette vil kunna bli overnøyaktig og unødvendig forpliktande for staben, og bør ikkje nødvendigvis takast til følgje.

*Pensum.* I 2010 vart Finn Jacobsen: *Videologi* erstatta med Kate Kartveit: *TV-journalistikkens ABC*, og Jon Hoem og Ture Schwebs: *Tekst 2 Null* erstatta Anders Fagerjord: *Web-medier*. Begge desse endringane var vellukka, og mi vurdering er at det ikkje trengst utskriftningar i pensum for 2011. Studentane si evaluering er relativt kritisk, men etter mitt syn har ikkje dei tilstrekkeleg oversyn over faget til å kunna overprøva kursleiarers faglege vurdering.

*Lokale og undervisningsutstyr.* Utstyrsparken er tilfredsstillande på alle nivå, både når det gjeld fotoapparat, kamera- og mikrofonutstyr og maskinparken i rom 409 og MAC-labben. Når det gjeld arbeidskraft er situasjonen meir sårbar. Me treng innleigd hands-on ekspertise både på journalistikk, fjernsynsproduksjon og nye medier, i tillegg til kursleiarers

medverknad. I 2010 var Stig Øvreås medansvarleg for journalistikk, Thorvald Nilsen for TV-reportasje og Ana Laws for bloggdesign. Denne innsatsen er vesentleg både pga. kompetansebehovet, arbeidsbyrden og for at ikkje alt skal stoppa opp hvis kursleiar vert sjuk eller er bortreist. Dei tekniske grunnkursa og praksisen krev nøye førebuing, og difor bør stillingsbrøken for desse tre funksjonane aukast til 40 % i den korte perioden det er snakk om (fire veker for kvar assistent).

### **Karakterfordeling, strykprosent og fråfall**

55 kandidatatar var oppmeldt og 52 tok eksamen. Karakterane fordelte seg slik:

<i>Karakter</i>	<i>Antal</i>	<i>Antal kvinner</i>
F (stryk)	2	0
E	2	0
D	10	2
C	25	13
B	11	8
A	2	2

Skuleeksamen var todelt, med ei praktisk beskrivande oppgåve og ei teoretisk drøftande oppgåve. Eg var sensor (saman med Arnt Maasø, UiO), og merka meg at den praktiske oppgåva vart grundig og godt besvart av omtrent alle, medan den teoretiske innsatsen jamt over var langt dårlegare. Dei som fekk god karakter var altså dei som meistra begge tematikkane. Merk at kurset i all hovudsak har vore praktisk orientert, og dette kan forklara kvifor så mange var teoretisk svake.

Det er verdt å merka seg at A- og B-karakterane er dominert av kvinner, med ti av dei tretten beste karakterane. Dette kan til ei viss grad skuldast ein større disiplin i forhold til pensumlesing hjå kvinner enn hjå menn. INFOMEVI 106 har for øvrig langt større vekt på praktisk produksjon enn teori gjennom semesteret, og etter mitt syn er det ikkje ein tilsvarende skeiv kjønnsfordeling når det gjeld kvaliteten på nyheiter, TV-reportasje og blogging.

### **Framlegg til forbedring**

1. Mappeevaluering skal innførast. Mappeevaluering er innført frå og med hausten 2011, og dette har me tungt belegg for både i staben og blant studentane. Dette vil premiera dei studentane som viser engasjement og gjer hardt arbeid, og det vil verta lettare å premiera arbeidet individuelt. No kan mange studentar surfa gjennom praksisperioden på andre sitt arbeid. Ulempen er at pensum vert endå mindre sentralt, og at det vert meir arbeid med vurdering. Vurderingsarbeidet må for øvrig gjerast med tung innsats frå dei tre medlærarane i journalistikk, TV-reportasje og bloggdesign.

2. Praksisen i bloggdesign bør starta tidleg i semesteret, slik at studentane får tid til å tenkja på kva innhald dei vil ha, og kan dra inn mest mogleg av det dei lærer undervegs.

### **Studentevaluering**

Av dei 52 studentane som tok eksamen fylte 44 ut eit omfattande evalueringsskjema på siste forelesinga. Skjemaet vart fylt ut for hånd, og lagt på eit bord i pausen for å sikra størst

mogeleg anonymitet. SPSS-fila med alle data er lagt ved evalueringsrapporten til glede for dei som måtte ha lyst å studera detaljane. Merk at SPSS-fila inneheld ei rekkje skriftlege kommentarar frå studentane i tillegg til dei prosentvise oppstillingane.

Eg presenterer dei viktigaste funna her:

På spørsmål om forelesarane (inkludert 7 gjesteforelesarar) hadde god fagleg kompetanse, var svaret 76 % ja, 23 % både og, 0 % nei, og resten ukodbart. Når det gjeld pedagogisk kompetanse var svaret 60 % god, 38 % akseptabel, 0 % dårleg (resten ukodbart).

Studentane si oppfatning av pensum var meir blanda. Samanhengen mellom pensumbøkene vart oppfatta som god av 33 %, rimeleg god av 54 % og dårleg av 0 %. Graden av problematisering av faget vart oppfatta som god av 24 %, rimeleg god av 67 % og dårleg av 2 %. Pensum var for lett i følge 4 %, passe vanskeleg i følge 93 % og for vanskeleg av 0 %. På spørsmål om pensum gav god oversikt over faget svarte 44 % ja, 49 % rimeleg god, og 2 % at det var dårleg.

Som eg har understreka ovanfor er den praktiske produksjonen avgjerande i INFOMEVI 106, og studentane si oppfatning av dei tekniske grunnkurser og praksisperiodane er difor spesielt interessant. Utbyttet vart oppfatta slik:

	<i>Godt</i>	<i>Rimeleg godt</i>	<i>Dårleg</i>
Kurs i lyd, kamera, stillbilde	22 %	62 %	13 %
Kurs i redigering for Final Cut Pro	47 %	49 %	2 %
Kurs i web 2.0 og biletbehandling	2 %	40 %	56 %
Praksis i nyheitsjournalistikk	60 %	36 %	2 %
Praksis i TV-reportasje	60 %	33 %	2 %
Praksis i bloggdesign	18 %	58 %	22 %

Studentane vart også bedt om å vurdere faglærarane si løpande evaluering av arbeidet i praksisen, og svaret var at den fungerte godt for 33 %, rimeleg godt for 49 % og dårleg for 16 %. På spørsmål om kva dei ville foretrekka i stadenfor, var svaret færre produksjonar og meir evaluering 16 %, like mange produksjonar og meir evaluering 56 %, og ingen endring 27 %.

Det siste punktet var eksamensform. Her må det bemerkast at studieplanen frå 2011 allereie er endra til mappeevaluering med karakteren bestått/ikkje bestått. Det er difor betryggande at 42 % av studentane ynskte nettopp denne ordninga, medan 40 % ynskte mappeevaluering med karakterar, og berre 16 % ynskte å vidareføra dagens ordning med skuleeksamen.

### **Studentkommentarar**

17 studentar kom med kommentarar til kurset som heilheit under variabel 1301, og eg siterer dei her:

Alt i alt et lærerikt fag med rom for prøving og feiling, utfoldelse og erfaring. Interessante forelesninger, inspirerende gjesteforelesere. Bra engasjement!

Bra kurs alt i alt, men savnar tilbakemelding generelt. Aner ikkje kva eg har gjort riktig og ikkje.

Bra kurs med mye praksis. Stort sett veldig fornøyd. Eneste er at noe av det virker litt utablert.

Det kunne vært veldig greit om praksisperiodene hadde kommet rett etter de tekniske grunnkursene.

Et veldig morsomt kurs. Har svært mye erfaring med videre

Flere fagspesialiserte forelesere

Flytt praksisen tidligere i semesteret, evet slå sammen praksis og teknisk grunnkurs, slik at man lærer å produsere i løpet av kurset

For udelt positiv holdning til å spre sin identitet på nettet. Ikke alle har et uproblematisk forhold til dette, eller har interesse av å bruke mye tid online hver dag.

Godt gjennomført kurs, noen mangler, men det er mer av 'personlig karakter'. Faglig sett bra jobbet.

Greitt litt lavt nivå på produksjonen. Men igjen er det individuelt og det er eit introduksjonsemne.

Gøy og lærerikt med praksis, men litt for mye. Mer klare mål i arbeid med pensum, det faller lett på siden.

Mulighet for de med høyere nivå av kompetanse til å videreutvikle seg. Todelt undervisning? For de med høy og ikke fullt så høy.

Noen av forelesningene ser jeg på som litt bortkastet. De skal enten hjelpe oss i praksisen eller på eksamen. Jeg synes ikke alle har gjort det, feks naso/kjetil Vikene

Send gjerne ut evalueringsskjema på mail etter hvert kurs, så det er så friskt i minne som mulig.

Stort sett veldig godt fornøyd

Synest det har gått supertregt, og klør i fingrene etter å gå i gang med utvikling og lignende. Synes forøvrig Lars sine forelesninger på mandags morgen er noe av det gøyeste vi har hatt.

Vi burde hatt praksis i hvert emne etter den uken vi lærer stoffet. Nå gikk det en måned, og ting ble glemt. Eksamen bør bort. Praksis og mappe gir økt interesse.